



Torfinn Fardal  
LUNNAMYRI 115

6856 SOGNDAL

## Svar - Løyve til utsetjing av fisk i Kjerringavatna og elvar knytt til desse i Årøyvassdraget i Luster kommune

Vi viser til dykkar søknad datert 10.08.16. Søknaden er sendt til Luster kommune som har sendt han vidare til fylkeskommunen 06.09.2016. Det er fylkeskommunen som gjev løyve til utsetting av innlandsfisk i område som ikkje er påverka av vassdragsregulering.

Søknaden gjeld løyve til å setje ut 1000 setjefisk i Kjerringavatni/ Kjerringavassdraget. Setjefisken kjem frå anlegg i Fortun og stammer frå aurebestanden i Hafslovatnet. Det er opplyst om at fisk er sist sett ut i Kjerringavatni i 1988 av Luster jeger- og fiskeforening. I følgje Luster kommune gyter fisken ikkje i desse vatna.

Kjerringavatni renn ned i Veitastrondsvatnet frå vest og ligg på over 1100 meters høgde. Innsjøane er påverka av brevatn. Truleg er forholda i Kjerringavatni marginale for fisk, spesielt det øvste vatnet. Å setje ut 1000 fisk i desse vatna vurderer fylkeskommunen til å vere i meste laget. Dette ut frå storleiken på vassdraget og dei faglege råd som vi har innhenta. Av den grunn vert tal for utsetting redusert.

Fylkeskommunen gjev løyve til å setje ut inntil 500 innlandsaure (*Salmo trutta*) i Kjerringavatni med tilhøyrande bekker/elvar i perioden 2016 – 2019 (med heimel i § 3 i forskrift av 11. nov. 1993 om utsetting av fisk og andre ferskvassorganisme).

Følgjande vilkår/føresetnader ligg til grunn for løyvet:

- Det skal berre setjast ut fisk i vatn/elvestrekningar der det tidlegare er sett ut fisk/har vore fisk.
- Fiskerettshavarane må stå for utsetjing eller eventuelt samtykke til utsetjing
- Setjefisken skal stamme frå Hafslobestaden (frå anlegg i Fortun) eller vere villfanga aure frå Veitastrondsvatnet eller Hafslovatnet.
- Det skal ikkje setjast ut fisk i naturleg fisketome vatn/elvestrekningar.
- Talet utsett fisk må tilpassast produksjonsgrunnlaget i vatna/elvestrekningane.
- Fiskeutsettingane må avklarast med veterinærstyresmaktene (Mattilsynet).
- Ei oversikt over kor fisken er satt ut, ca. storleik på fisken og tidspunkt for utsetting, skal årleg rapporterast til fylkeskommunen.

### Klagerett

Etter reglane i forvaltningslova kan de klage på dette vedtaket innan tre veker til Miljødirektoratet. Eventuell klage med grunngjeving må sendast om fylkeskommunen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende den vidare til klageinstans for endeleg avgjerd.

Med helsing

Endre Høgalmen  
assisterande fylkesdirektør for næring og kultur

Merete Farstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar (ar)

Torfinn Fardal LUNNAMYRI 115 6856 SOGNDAL

Kopi til:

Luster kommune

Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brumunddal

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane